



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 28.08.2017
Møtested: Heeradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Orientering om K5
v/prosjektleiar Gunnar Söderholm

TILLEGGSSAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
59/2017	OM SKILTING OG SJØLVLUKKANDE BOMMAR I BRYLLUPSHAUGEN I VAKSDAL

25. august 2017

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
59/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	28.08.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FA - Q12	14/1881

OM SKILTING OG SJØLVLUKKANDE BOMMAR I BRYLLUPSHAUGEN I VAKSDAL

Vedlegg:

Om køyring til eigedomar i Bryllupshaugen/Sildastadskjeret i Vaksdal kommune
Om køyring i vegen Bryllupshaugen på Vaksdal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert sendt ut til høyring med fylgjande forslag:

Gjeldande skilt/skiltkombinasjonar i Bryllupshaugen vert behalde. Sykkelbommene i Bryllupshaugen sør vert fjerna. Sykkelbom i Skreien vert beholden og gjort dobbeltsidig.

Etter høyringa vert saka lagt fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samsvar med vedtak i formannskapet 02.05.16 i sak 36/2016 vart søndre avkøyring frå E16 til Skreien stengt i fjor haust, og det vart sett opp to sjølvlukkande bommar, plassert i Skreien og like ved garasjane nær Sildastadskjeret. Bakgrunnen for dette var innkomne bekymringsmeldingar til Statens vegvesen om trafikktryggleik på E16 og at gang/ sykkelvegen mellom Skreien og Vaksdal vart nytta som «snarveg» til Vaksdal stasjon og mølleområdet. Dette er gjort nærare greie for i vedlagt dokument datert 5. juli 2017, inkludert dei mellombelse vurderingane som då var gjort i saka.

Etter ein del månader med dei nye trafikkreguleringane er det gjort nokre erfaringar. Tiltaka har fungert som tiltenkt, men kommunen mottok før sommarferie meldingar om negativ sideeffekt ved bommane i Bryllupshaugen sør, som har skapt uønska hindringar for køyrande til naustområdet og Sildastadskjeret, og ført til trafikale blokkeringar.

Det har vore naturleg å evaluere trafikkreguleringane, både skilting og bruk av sykkelbommar, og det har vore behov for å ta dette opp med Statens vegvesen og Hordaland politikammer, då det er dei som har initiert tiltaka.

Det har vore gjort avklaringar i høve kva gjeldande skilting i Bryllupshaugen betyr, med

skiltkombinasjonen *Gang/sykkelveg* med underskilt *Kjøring til eiendomane tillate*, samt skiltforskrifta sine føringar og intensjonar for bruken av denne skiltkombinasjonen.



522 Gang- og sykkelveg

Skiltet angir veg som er anlagt for gående og syklende. Skiltet angir dessuten at trafikkreglens bestemmelser om bruk av slik veg gjelder.

§ 17. Alminnelige bestemmelser (for underskilt)

1. Underskilt er bare gyldig når det nyttes sammen med hovedskilt, og gir nærmere klargjøring, utviding, utfylling eller begrensning av hovedskiltets betydning eller gyldighetsområde.

På gang/sykkelveg er det ikkje tilatt å køyre, men underskilt kan endre dette, mellom anna ved å utvide, begrense eller presisere tydinga av hovudskiltet. I skiltforskrifta står det at denne skiltkombinasjonen kan nyttast for ein trafikkbelastning inntil 10 bueingar, eller tilsvarande. I forhold til dette er strekninga kraftig overbelasta, då det er 20 bueingar knytt til.

I vårt informasjonsbrev til grunneigarar og brukarar av naustområdet i juni 2017, informerte me om skiltkombinasjonen, intensjonen i skiltforskrifta, mellombels tolking og at me trong tid til å utgreie og diskutere løysingar, samtidig som me oppmoda om smidig og fornuftig bruk.

Skiltforskrifta gjev føringar for når skiltkombinasjonen bør nyttast, men gjev ein *intensjon* og er ikkje absolutt. For å få nærare svar på kor grensene går (kva er innanfor ordlyden *Kjøring til eiendomane tillate*, og kva er utanfor definisjonen) har me søkt i rettskjelder (Lovdata), men ikkje funne dokument til hjelp. Konklusjonen vår er, etter dette, at det ikkje er fasitsvar. Me ser at trafikkbelastninga til tider er svært høg, men dagens skilting har ikkje klare grenser for kven som er innanfor og utanfor «køyring til eiendomane». Etter dette kan me ikkje sei om det verken er tillate eller forbudt å køyre til naust, Sildastadskjeret eller andre eiendomane langs strekkingen. Men, sidan strekkingen er skilta gang- og sykkelsti, er køyrande pliktig å ta hensyn til dette og har vikeplikt. Dette gir gåande og syklende eit fortrinn og vern i konfliktsituasjonar.

Vurdering

Det er mange grunnar til å begrense køyring i Bryllupshaugen, og dette har me redegjort for i tidlegare sak og i vårt informasjonsbrev av 12. juni 2017 som er vedlagt. I det brevet seier me også at me i utgangspunktet ynskjer å halde strekkingen som gang/sykkelveg med tillate køyring til eiendomane. I etterfylgjande prosess har me vurdert andre skilt/skiltkombinasjonar som kan stette dei lokale behova, og som kan vere tydelegare enn dagens skilting. Me finn ikkje god løysing. Alternativet er å ta i bruk forbudsskilt, og då råkar me også nødvendig nyttekøyring som til dømes frakt av tyngre gjenstander. Dette meiner me er for strengt.

Etter avveging finn me at dagens skilting, trass uklar avgrensing for trafikkbelastning frå køyretøy,

totalt sett er den beste. Skilta gang-/sykkelveg gjev mjuke trafikantar eit fortrinn som er ynskjeleg i Bryllupshaugen, samtidig som nødvendig køyring til eigedomane kan gjennomførast.

Etatane er einige om at sykkelbommar i Bryllupshaugen sør kan fjernast, sjå bilete under. Sykkelbom i Skreien bør då gjerast dobbeltsidig, til erstatning.



Rådmann tilrår å sende saka ut til høyring med fylgjande forslag:

Gjeldande skilt/skiltkombinasjonar i Bryllupshaugen vert behalde. Sykkelbommane i Bryllupshaugen sør vert fjerna. Sykkelbom i Skreien vert behalden og gjort dobbeltsidig.

Etter høyringa kjem saka til behandling i formannskapet.



Terje Vidar Hoel

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1881 - 17/5302

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

05.07.2017

Om køyring til eigedomar i Bryllupshaugen/Sildastadskjeret i Vaksdal kommune

Det er nyleg stengt avkøyrsløype frå E16 til Bryllupshaugen, samt sett opp to bommar for å hindre ulovleg gjennomkøyring i Bryllupshaugen i Vaksdal. Dette vart gjort etter ein formell prosess i Statens vegvesen, Hordaland politidistrikt og Vaksdal kommune.

I vår har det kome mange klager, fordi det tidvis står mange parkerte bilar på strekningen inn mot bom i sør. Dei som klagar meiner kommunen må tilrettelegge på annan måte, for no utgjør dette sikhindringar og vanskelegjer snuforhold. Kommunen har gjort ei første vurdering, og sendt informasjonsbrev til bustadeigarar, samt grunneigarar og –brukarar av nausteigedomar og andre som har klaga. Kommunen vil følgje opp ved å førebu ei drøftingssak til politisk handsaming hausten 2017. Informasjonsbrevet er å finne som vedlegg.

I etterkant har son til ein grunneigar henvendt seg til kommunen med henvising til at nausteigedommen har parkeringsløyve gjeve frå Nils Jamne (frå 2001) i ei vegutviding som tidlegare var møteplass, frå den gongen dette var hovedvegen frå Vaksdal til Dale.

I tillegg har kommunen ei henvending frå ein nausteigar som syns det vert håplaust om ein ikkje kan køyre inn med «tunge ting», og med forslag om parkeringsareal.

Kommunen har forståing for at nokon føler dei har mista ein rett. Det har vore vanleg praksis å køyre til eigedomane og til friluftslivområdet på Sildastadskjeret, som er eit av dei viktigaste friluftslivområda i kommunen, med god tilrettelegging. Skiltkombinasjonen har stått her anslagsvis i 30 år. Dette er ei sak som engasjerer innbyggjarar, og viktig å få til gode løysingar for fleire partar. Dette gjeld både dei trafikkregulerande tilhøva, som vil vere sak mellom kommunen/Statens vegvesen/Hordaland politidistrikt, og forhold mellom kommunen og grunneigarar/brukarar.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam


Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967



Figur 1 Skilt 522 med underskilt i Bryllupshaugen sør



Figur 2 Kartutsnitt Vaksdal-Sildastadskjeret

Kommunen har møtt den vanskelege situasjonen ved å vise til fleire argument for å redusere uønska bruk, i det utsendte informasjonsbrevet:

- Trafikktryggleik og skuleveg
- Viktige nærmiljøkvalitetar og tilrettelagt friluftslivområde
- Universell utforming og inkludering
- Strekingen er skilta med gang- og sykkelveg, skiltnummer 522 med underskilt «Køyring til eigedomane tillate». Skiltforskrifta gjer greie for skilt og underskilt. Håndbok N300 gjer greie for anvending av både hovudskilt og underskilt med tilknytte trafikkreglar.

Vaksdal kommune har etter dette vurdert at dagens situasjon, med om lag 20 bueiningar tilknytt, langt overstig grense for tilrådd bruk for køyrande på gang- og sykkelveg, og meiner at fritidskøyring til Sildastadskjeret friluftsområde og naustområdet (32 registrerte eigarar) ikkje er i tråd med intensjonen, og difor ikkje tillate. Ut over dette er det også fleire eigedomar, hovudsakling med offentlege eigarar og private eigedomar utan bygningar.

Kommunen vil førebu ei grundig saksutgreiing om dette til politisk handsaming hausten 2017, og det vil verte behov for drøftingsmøter og/eller avklaringar mellom

- Kommunen, Statens vegvesen og Hordaland politidistrikt
- Kommunen og grunneigarar/brukarar

Det er viktig at alle partar får kome med sine innspel, til ei heilheitleg vurdering. På grunn av ferieavvikling og sakshandsamingstid med behov for å belyse saka så godt som mogeleg må dette kome etter somarferien. For å kunne belyse saka så godt som mogleg og i eit heilheitleg perspektiv ber me om at innspel og sakshandsaminga føregår ope mellom partane.

Med helsing

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

Om køyring i vegen Bryllupshaugen på Vaksdal

Kopi til:

Eirik Haga
Kåre Ulveseth
Svein-Ove Hesjedal
Willy Andre Gjesdal
Åse Elin Myking

Mottakarar:

Geir Åge Frotveit	Vaksdalsgarden 40	5725	VAKSDAL
Guri Finne Sognnæs			
Hordaland politidistrikt			
Terje Vidar Hoel			
Torben Knutsen	Jamne 5	5725	VAKSDAL
Åge Nils Frotveit	Rossvegen 5	5725	VAKSDAL



Åge Nils Frotveit
Rossvegen 5
5725 VAKSDAL

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1881 - 17/4261

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

12.06.2017

Om køyring i vegen Bryllupshaugen på Vaksdal Informasjonsbrev til grunneigarar, nausteigarar og -brukarar

Siste månaden er det mange som har vendt seg til kommunen om trafikale utfordringar i Bryllupshaugen i Vaksdal, og då særleg knytt til parkering og snuing ved vegbommen. Med bakgrunn i dette vil kommunen informere om gjeldande skilting og bruk av denne vegen.

Etter at Jamnatunnelen vart opna i 1980 vart gjennomgangstrafikken på dagens fylkesveg 343 og Bryllupshaugen til Skreien fjerna, og vegen frå «Gamlebanken» til Skreien vart etter det omgjort til gang/sykkelveg, med tillate køyring til eigedomane.

I dag vert denne vegen mykje nytta til tur og trening, i tillegg til at det er skuleveg. Den ivaretar viktige nærmiljøkvalitetar for innbyggjarane på Vaksdal, og særleg for bustadområde på Jamne og Skreien. Dette er også ein veg som er universelt utforma og kan nyttast av menneske med ulike rørslehemmingar, og slik sett er eit inkluderande fritidstilbod. Vaksdal kommune har også trygge skulevegar som satsingsområde, som del av arbeidet med Trafikksikker kommune. Det er såleis mange argument for å avgrensa høvet til biltrafikk på denne strekningen.

Gjennom åra har det kome mange klager, både til kommunen og til Statens vegvesen, om at vegen vart nytta som «snarveg» for køyrande frå nord til Vaksdal stasjon og mølleområdet. Etter trafikksikkerheitsinspeksjon i 2015 gjorde Statens vegvesen og Hordaland politikammer vedtak om å stenge søre avkøyring frå E16 til Skreien, samt sette opp to bommar for å hindre gjennomkøyringa på gang/sykkelvegen. Dette er gjort for å ivareta intensjonen for gang/sykkelvegar, om trafiktryggleik for mjuke trafikantar.

I høve Trafikkreglane og Skiltforskrifta betyr dette formelt at køyring langs denne vegstrekningen ikkje er tillate for andre enn dei som skal til bustadane sine, samt arbeidskøyretøy med gult roterande lys (inkludert bosbil). I praksis betyr dette at køyring (inklusive parkering) for fritidsføremål ikkje er tillate. Det er også uønska, sett i lys av tryggleik for mjuke trafikantar, trygg skuleveg, nærmiljøkvalitetar og inkludering av brukargrupper som treng universelt utforma tilbod til friluftaktivitetar. Sildastadskjeret er eit flott område med svært gode kvalitetar, og er viktig for Vaksdal. At det er minimalt med biltrafikk inn hit aukar også verdien av friluftslivsområde for mange brukargrupper. Trygg framkomst

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967

for born til/frå skule og til friluftsområdet på Sildastadskjeret veg tungt, og at foreldre kan kjenne seg trygg for borna er viktig kvalitet i kvardagen.

Vaksdal kommune ynskjer å halde strekningen som gang/sykkelveg, med tillate køyring til eigedomane og anledning til å køyre for drift/vedlikehald og arbeidsbilar. Dagens regulering gjeld heile året og heile døgnet, og medfører i det daglege hensiktsmessig føremål. Kommunen ser at dette kan vere utfordrande i enkelttilfelle, men meiner dette ikkje kan vere utløysande for å endre gjeldande regulering.

Kommunen oppfordrar til trygg og smidig bruk av Bryllupshaugen, vernar om dei verdifulle nærmiljø- og friluftslivkvalitetane, og at køyrande til Sildastadskjeret har anledning til å nytte kommunal parkeringsplass ved jernbanestasjonen på Vaksdal.

Administrasjonen tek innspela som er kome på alvor, og vil førebu ei drøftingssak om dette til politisk handsaming hausten 2017.

Med helsing

Willy Andre Gjesdal
Einingsleiar

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakarar:

Anders Olav Helle	Kvitaskarvet 12	5725	VAKSDAL
Andreas Jacobsen Erstad	Samholdvegen 3	5725	VAKSDAL
Bente Karin Dalheim	Brekkena 15	5725	VAKSDAL
Britt Irene Mathisen	Rossvegen 24	5725	VAKSDAL
Eileen Mary Olsnes	Bryllaupshaugen 18	5725	VAKSDAL
Einar Mjelde	Bryllaupshaugen 24	5725	VAKSDAL
Elin Herfindal	Siribrekka 8	5725	VAKSDAL
Ellen Hagen	Botnavegen 27	5725	VAKSDAL
Frode Davidsen	Grønligata 24	3188	HORTEN
Irene Dorthea Karvik Stürtzel	Jamne 4	5725	VAKSDAL
Jan Hansen	Flordalen 50	5725	VAKSDAL
Jim Stavenes	Vaksdalsgarden 20	5725	VAKSDAL
Kai Henning Fotland	Skyttarplassen 14	5722	DALEKVAM
Knut Gudmund Stamneshagen	Flordalen 29	5725	VAKSDAL
Leif Jamne	Flordalen 22	5725	VAKSDAL
Linda Herfindal Lien	Tvesporvegen 42	5725	VAKSDAL

Mottakarar:

Marlen Erstad Herfindal	Samholdvegen 42	5725	VAKSDAL
Marta Valgjerd Knutsen	Flordalen 69	5725	VAKSDAL
Odd Kåre Alvheim	Bryllaupshaugen 22	5725	VAKSDAL
Oddvar Birger Olsnes	Samholdvegen 19	5725	VAKSDAL
Per Nordmark	Bogavegen 165	5725	VAKSDAL
Reidar Olsnes	Samholdvegen 21	5725	VAKSDAL
Ronny Sæterdal	Jamnevegen 44	5725	VAKSDAL
Sissel Urhaug	Nubbebakken 7 B	5022	BERGEN
Stine Smette-Blålid	Fjæravegen 2	5725	VAKSDAL
Terje Mogens Nitter Sviggum Gundersen	Bryllaupshaugen 29	5725	VAKSDAL
Torben Knutsen	Jamne 5	5725	VAKSDAL
Trond Olav Steinsbø	Flordalen 64	5725	VAKSDAL
Trygve Njaastad	Herfindalsvegen 8	5725	VAKSDAL
Turid Gundersen Ulevik	Krekane 2	5725	VAKSDAL
Wenche Hope	Flordalen 59	5725	VAKSDAL
Øyvind Erstad	Jamnevegen 19	5725	VAKSDAL
Åge Nils Frotveit	Rossvegen 5	5725	VAKSDAL